

Til: Universitetet i Bergen, Det samfunnsvitenskapsfakultetet

Dato: 10. april 2014

## **Programsensorrapport, Europastudium (BASV-EUR) 2014**

Rapporten er basert på tilsendt dokumentasjon og eit møte i Bergen 25. september 2013, der programleiar Jan Oskar Engene og seniorkonsulent Tom Gundersen deltok, saman med tre studentrepresentantar: leiar for fagutvalet Celine Didriksen Arstad, Ida Waage Rasmussen og Ida Marie Wold Øvergård. Alle tre vart tatt opp i 2012.

Før møtet fekk eg tilsendt informasjon om programmet, inkludert studentstatistikk (opptakstal, søkerkartal, val av spesialisering) og oversikt over innhald og oppbygging av programmet. Etter møtet fekk eg dessutan tilsendt oversikt over programmet før omlegginga, inkludert studentstatistikk.

Dette er den første programsensorrapporten etter at Bachelorprogrammet i Europastudium vart overført fra det humanistiske fakultetet til Institutt for samanliknande politikk. Det første kullet som vart tatt opp etter overføringa har enno ikkje fullført, og berre eitt kull har vald spesialisering. Det er dermed litt tidleg å vurdere studenttal, fråfall og gjennomføring. Eg vil allereie nå påpeike at studiet ser ut til å ha ei utfordring når det gjeld rekruttering (20 primærsøkjarar på 30 studieplassar i 2013 er relativt lågt). I samråd med dei ansvarlege for programmet har eg likevel vald å fokusere på

- hovudinntrykket av programmet etter omlegginga
- omlegginga av EUR105
- læringsmiljø og kullkjensle blant studentane

### **Hovudinntrykk av programmet**

Etter det eg har fått opplyst av programleiinga vart Europastudium i Bergen oppretta i 2005, dvs. to år etter Oslo. Programmet låg opphavleg under humanistisk fakultet, men i samband med ein gjennomgang av HFs portefølje vart det vedtatt å legge ned alle dei tverrfaglege områdestudia. Sampol tok da initiativet til vidareføring av Europastudium, og overtok ansvaret for programmet med verknad frå opptaket i 2012. Programmet er i dag eit samarbeid mellom Institutt for samanliknande politikk (Sampol) og Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR), dvs. at profilen har vorte tydelegare orientert mot samfunnsfag/historie. Programmet inkluderer ikkje lenger obligatoriske emne i språk eller kulturkunnskap, men det er framleis mogleg å ta språk som frie studiepoeng i femte og/eller sjette semester.



Studiestrukturen er felles for alle i første og andre semester. Studentane tar exphil, SV100 (Samfunnsvitskapelege tenkjemåtar) og EUR101 Innføring i europeisk historie og politikk i første semester, og EUR103 Europa etter 1945 og EUR105 European Union Institutions and Politics i andre semester. Sampol har ansvaret for EUR105, historie har ansvaret for EUR103, og ansvaret for innføringsemnet EUR101 er delt mellom institutta. Emna ser ut til å utfylle kvarandre godt, og gir ein naturleg progresjon frå første til andre semester. Samla bør desse emna ha gode føresetnader for å gje studentane det forventa læringsutbyttet. Tematikken som er dekt liknar elles mykje på det som er dekt i obligatoriske emne på Europastudium (EU) ved UiO.

Etter det første året vel studentane spesialisering i Sampol eller historie. Det store fleirtalet av studentane har både før og etter omlegginga vald spesialisering innafor samanliknande politikk. Dette samsvarer med erfaringane frå Europastudium ved UiO, der fleirtalet vel fordjuping i statsvitenskap. Dei to spesialiseringane er heilt åtskilde løp, dvs. at Europastudentane i praksis skil lag når dei har vald spesialisering. Dette er potensielt eit problem for dei få som vel spesialisering i historie, med mindre dei i staden blir ein del av historiemiljøet. Dei som vel spesialisering i samanliknande politikk er mange nok til at dei kan oppretthalde eit eige miljø seg imellom også etter spesialiseringa. Korleis dette vil slå ut på studiemiljøet blant Europastudentar tatt opp etter 2012, er enno for tidleg å seia, sidan berre eitt kull så langt har vald spesialisering.

Studiestrukturen er forskjellig etter andre semester, avhengig av val av spesialisering. Dei som vel historie, tar to 15-poengsemne i eldre historie i tredje semester og to 15-poengsemne i nyare historie i fjerde semester. Dei som vel samanliknande politikk, tar eit 15-poengsemne i metode og eit 15-poengsemne om demokrati og demokratisering i tredje semester og tre 10-poengsemne (om stats- og nasjonsbygging, politiske institusjonar og politisk mobilisering) i fjerde semester. I femte semester drar studentane på utveksling eller tar frie emne (gjeld begge spesialiseringar). I sjette semester har Sampolstudentane 20 studiepoeng frie emne og historiestudentane 15, medan bacheloroppgåva er på 15 studiepoeng for dei som spesialiserer seg i historie og 10 for dei som spesialiserer seg i samanliknande politikk. Sampol har oppretta eit nytt emne våren 2014 (Sampol205 Regions, federalism and EU) som mange av Sampolstudentane ventar vil velja i sjette semester.

Hovudinntrykket av programmet etter omlegginga er godt. Valfridomen er rett nok relativt liten (40-50 poeng for Sampol og 45 poeng for historie), men profilen er tydeleg. Dei obligatoriske emna og emna i spesialiseringa ser ut til å passe godt saman, og særleg ser spesialiseringa innafor samanliknande politikk ut til å gje ei tett og god samling om viktige tema i europeisk politikk. Kostnaden er ei veldig tydeleg todeling av programmet etter spesialisering. Det er også eit ope spørsmål kor mykje Europastudium skil seg frå dei disiplinære bachelorprogramma i samanliknande politikk og historie, men dette er eit generelt problem for tverrfaglege program som det er vanskeleg å gjera noko med, så lenge dei er avhengige av å bruke emne som også inngår i andre program.

## **Omlegginga av EUR105 (tidlegare Sampol215)**

EUR105 The European Union: Institutions and politics er lagt om frå eit emne på 200-nivå til eit emne på 100-nivå frå våren 2014.

Innhald: kurset legg vekt på EUs historie og institusjonelle utvikling frå 1950-talet til i dag, EU som politisk system og viktige policy-område i EU. Samansetjinga av tema er utmerka; dei utfyller kvarandre godt og utgjer i all hovudsak eit naturleg heile.

Forelesingar/seminar: Forelesingane er delt inn i fire blokker: (1) introduksjon til EUs institusjonelle oppbygging og tilnærmingar og metodar i samfunnsvitskap og EU-studium, (2) integrasjonsteoriar, (3) empirisk basiskunnskap om institusjonar og politikk, samt omfordeling, opinion og politikkområde, og (4) «ekspertsyn» på EU og terrorisme. Oppbygginga og rekkefølgja på forelesingane i blokk 1-3 verkar fornuftig, sjølv om det sikkert også er mogleg å legge vekt på andre ting, som lobbyverksemder eller debatten om det demokratiske underskotet. Blokk 4 verkar derimot ikkje å ha ei like tett kopling til resten. Seminara tar for seg noko av det same som forelesingane, med vekt på traktatane, dei sentrale EU-institusjonane, vedtaksprosessen i EU, opinion (støtte til EU/euroskepsis), og utvidingsprosessen. Dette er gode val av tema. Sett under eitt ser politikkområda i EU ut til å bli minst vektlagt i undervisninga (ei forelesing/ingen seminar), med mindre desse blir behandla i andre forelesingar enn forelesing # 11. Eg lurer på kva som er grunngjevinga for dette.

Pensum: det er to hovudbøker – Hix og Høyland (2011) og Nugent (2010) som til saman utgjer 825 sider. Lærebøkene er dei same etter omlegginga som før omlegginga. I tillegg kjem ei rekke artiklar av varierande lengde – ifølgje nettsida for emnet 36 i talet.<sup>1</sup> Det går ikkje fram av pensumlista kor mange sider desse artiklane utgjer til saman, men det ser ut til å vera meir enn halvparten av kurspensum (953 sider med artiklar, om eg har rekna rett). Det bør gå fram av nettsida kor mange sider pensum utgjer totalt. Eg stussar dessutan på at ti artiklar står i pensumlista som ligg på nett, men ikkje i den pensumlista som var vedlagt forelesingsoversikta som eg fekk tilsendt frå Jan Oskar Engene. Dei ti artiklane utgjer til saman 300 sider.

Det er alltid ei avveging kor mykje pensum som skal vera henta frå lærebøker og kor mykje som skal vera basert på forskingsartiklar. Fordelen med lærebøker er at dei utgjer eit heile og at det blir ein naturleg progresjon i lesinga. Men det er ikkje alle tema som er like godt dekt i lærebøker. Forskingsartiklar gjer det dessutan lettare å halde pensum oppdatert, fordi ein kan skifte ut enkeltartiklar, noko som kan vera eit sjølvstendig poeng innafor forskingsfelt i sterk endring. Ulempa med forskingsbaserte artiklar er at pensum lett framstår som fragmentert, samtidig som det gjerne blir noko overlapping mellom artiklar, og nivået på enkeltbidrag kan vera for høgt.

---

<sup>1</sup> Finst her: <http://www.uib.no/emne/EUR105>.

På dette emnet er det ei blanding av lærebøker og forskingsbaserte artiklar. Det er i utgangspunktet heilt greitt, men eg trur at enkelte artiklar er i overkant vanskelege for studentar i andre semester utan særleg bakgrunn i forskingsmetode og statistikk. Det gjeld bl.a. ein av artiklane som berre står i pensumlista på nettet (Boomgaarden et al). Eg tykkjer dessutan at dersom eurobarometermålingar først skal vera på pensum, bør dei vera nyare enn frå 2011 (også dette står berre i pensumlista på nettet).

Når det gjeld lærebökene, kjenner eg ikkje boka til Nugent ut over kapitlet om CAP (pensum på STV2500 ved UiO), men om resten av boka liknar på dette kapitlet, bør den ligge på eit greitt nivå. Boka til Hix og Høyland hadde vi til vurdering for STV2500, men denne boka oppfatta eg som relativt krevjande på bachelornivå. Eg ville ha vore skeptisk til å bruke den på lågaste nivå, særleg fordi undervisningsspråket på dette emnet er engelsk. Kombinasjonen av ei vanskeleg lærebok og undervisning på engelsk kan for enkelte bli for krevjande. Men det er ikkje nødvendigvis eit problem å ha vanskelege tekstar på pensum dersom dei blir godt forklart på forelesingar/seminar eller det finst andre, enklare pensumtekstar som støttar opp.

Det er derfor viktig å høre med studentane korleis dei oppfattar pensum på emnet, og eventuelt gjera justeringar.

## Læringsmiljø og kullkjensle

Møtet med studentane Celine Didriksen Arstad, Ida Waage Rasmussen og Ida Marie Wold Øvergård gav eit svært positivt inntrykk av studentmiljøet ved programmet. Det er jamn kjønnsfordeling på studiet, og dei fleste er tidleg i 20-åra, med nokre få som er 25+. Fordi miljøet er såpass lite, er det veldig trygt, og alle blir kjent med alle – på tvers av kull. Det er ei faddergruppe for heile studiet, noko som knyter to og to kull saman. I tillegg blir det arrangert studieturar der alle tre kull kan delta. I februar-mars 2013 deltok 41 på studietur, og hausten 2013 var 51 registrert som aktive studentar, dvs. at brorparten deltar på studietur. Det blir også arrangert felles vorspiel for Europastudentane før festar på SV-fakultetet, julegraut, skiturar og 17. mai-frukost. Fagutvalet har ein eigen sosial komité som har ansvaret. Studentane er kjempefornøgde med studiet og gav uttrykk for at det var moro å dra på universitetet og treffen vennar. Sidan alle dei tre studentane eg snakka med hadde vald spesialisering i samanliknande politikk, kunne dei ikkje seia noko om korleis dei som hadde vald historie oppfattar miljøet etter val av spesialisering. Det kan vera verdt å sjekke dette.

Studentane er representert i programstyret. Da vi møttest var det halvanna år sidan sist programstyret hadde møte, men studentane oppfatta ikkje dette som noko problem; ein fordel med det tette miljøet er at dei tar eventuell misnøye direkte med forelesar.

Studentane gav uttrykk for at dei er fornøgde med omlegginga av Sampol 110, som tidlegare var eit 30-studiepoengskurs med åttetimars eksamen. Dette emnet er nå delt i tre kurs: Sampol105, Sampol106 og Sampol107, som alle er plassert i fjerde semester innafor spesialiseringa i samanliknande politikk. Studentane meinte at Sampolstudentane (dei som er tatt opp på det disciplinære bachelorprogrammet) hadde fordelar på Sampol215 (nå EUR105) fordi dette emnet bygde på ting Sampolstudentane hadde hatt tidlegare i studieløpet.

På møtet stilte eg spørsmål om korleis studentane hadde hørt om Europastudium og dermed søkt, og alle tre svarte at dei hadde fått informasjon om det via vennar/bekjente/ei søster. Dette kan sjølv sagt vera tilfeldig, men dersom det er representativt, kan det verke som programleiinga for Europastudium har ein jobb å gjera når det gjeld å gjera studiet kjent blant potensielle studentar. Talet på primærskjarar er lågt og fallande, så rekruttering bør vera prioritert.

## **Avslutning**

Det verkar som omlegginga av programmet har vore vellykka, men eg trur det kan vera verdt å følgje med på rekruttering, val av spesialisering og kva for konsekvensar den tydelege todelinga har for studiemiljøet. På Europastudium ved UiO har vi gode erfaringar med å samle studentane igjen på avslutningsemnet (bacheloroppgåva). Dette inneber eigne seminar for Europastudentane på tvers av spesialisering. Sidan bacheloroppgåva utgjer 10 studiepoeng på Sampol og 15 på historie ser eg at dette kan vera vanskeleg å få til på Europastudium i Bergen.

Blindern, 10.4.2014 ,

Elisabeth Bakke

Telefon: 22 85 66 43 (a), 922 34 654 (mobil)

e-post: [elisabeth.bakke@stv.uio.no](mailto:elisabeth.bakke@stv.uio.no)